

KLASSEKAMPEN

Ansvarlig redaktør: Bjørgulv Braanen
 Administrerende direktør: Christian Samuelsen
 Redaksjonsjef og featureredaktør: Mari Skurdal
 Nyhetssjef: Kjell-Erik N. Kallset og Mimir Kristjánsson
 Kulturredaktør: Bendik Wold
 Utenriksredaktør: Yohan Shanmugaratnam
 Utviklingsredaktør: Katrine Ree Holmøy
 Utgitt av © Klassekampen AS.
 Ettertrykk og elektronisk videre distribusjon forbudt uten etter særskilt avtale.

Julehilsen

■ Kulturminister Linda Hofstad Helleland (H) la ut en hilsen til sine Facebook-følgere lille julaften, der hun sitter i folkedrakt foran et nypynta juletre. I teksten oppfordrer hun sine følgere til å være stolte av det norske: «Kvikk Lunsj, brunost. Marit Bjørgen og Ole Einar Bjørndalen. Dugnad og grøt». Høyrepolitikeren fra Klæbu i Trøndelag snakket videre om det hun forbinder med det norske, blant annet at vi er «skeptiske til Oslo» fordi det er symbolet på «de som bestemmer». Nordmenn liker at «bestemmelser er kortreiste» og «Brussel er altfor langt unna».

■ Helleland vil bevare den norske kulturen og sier at mange liker det på tradisjonelt vis i jula: mat, pynt, juletre, grøt med mandel og kålra-bistappe «som selvsagt skal lages akkurat slik bestemor gjorde det». Helleland slår videre et slag for kirka, julesangene og juleevangeliet og synes det er litt trist at en skole i Stavanger har valgt utelukkende sekulære sanger til jul og ikke «Deilig er jorden». Når hun skriver at rektor hadde gitt beskjed om at «Deilig er jorden» bare skulle nynnnes, er hun imidlertid litt feilinformert, ettersom denne beskjeden bare hadde gått ut til 6. klasse og raskt ble trukket tilbake.

■ For noen oppleves denne julehilsenen som klein, mens andre har følt ubehag fordi de feirer jul på en annen måte eller har en annen forestilling om hva Norge skal være. Vi har også litt av hvert å si hvis vi først skulle pirke i teksten. Likevel er det underlig å se at en slik hilsen vekker så stor oppsikt og harme. Noen har virkelig gått inn i det og kommet fram til at Kvikk Lunsj ikke er norsk, men en kopi av en britisk sjokolade, selv om akkurat det er litt på siden av poenget. I dagens Norge kan ingen statsråd gi påbud om hvordan folk skal feire jul. Det kan vel heller argumenteres for at det er Hellelands kirkelige tradisjonisme som er en minoritetsposisjon. Uansett bør det være mulig å senke skuldrene i møte med synspunkter og kulturuttrykk man er uenig i. En Høyre-politiker fra Klæbu, kledd i sin fineste stas, må nesten få lov til å si at hun liker landet, kirka og julesalmer. Hvis du synes det er kleint: bla videre – i toleransens og mangfoldets navn.

BJØRGULV BRAANEN

Superheltenes far

Kalenderen

28. DESEMBER

Han er hjernen bak store helter, små helter, slemme helter og superhelter. Vi kan nevne Hulken, Spiderman, Iron Man, X-Men og Thor. Tegneserieskaper, manusforfatter og redaktør Stan Lee ble født 28. desember 1922. Lee viste tidlig at han hadde snert i pennen. Bare 19 år gammel ble han editor-in-chief hos Timely Comics, forgjengeren

til Marvel Comics. Der traff han blant andre Jack Kirby og Bill Everett, som han skulle finne på mye lurt med.

I 1950-årene solgte superheltserier dårlig, men i begynnelsen av 1960-årene revolusjonerte Marvel Comics superheltsjangeren og tegneseriebransjen i sin alminnelighet – og sitt sammenhengende tegneserieunivers. Lees minimalistiske tilnærming til det å skrive manus, med kun et kortfattet synopsis der tegnerne bestemte for-



Stan Lee

tellingens detaljer, var noe av nøkkelen til suksessen. De nye superheltenes ble gitt en større psykologisk dybde enn det som hadde vært vanlig i sjangeren tidligere. Dette førte til at man fikk et publikum som var en god del eldre enn det som hadde

vært vanlig for superheltseriene, som tradisjonelt hadde rettet seg hovedsakelig mot barn og ungdom. De spesielle skapningene lever like godt den dag i dag, både hos store og små superhelteentusiaster. **OR**

Skal me la reptilhjernen vår få ta ein pause?

Mislik og del



Maria Lavik
FOKUS

Burettslaget mitt i Oslo har, som alle burettslag med respekt for seg sjølv, ei eige Facebook-side. Har eg gløymt igjen mobiladaren på jobb, treng eg ei oppskrift eller skulle eg så gjerne lånt litt olje for å få utgangsdøra til å knirka mindre, så treng eg berre leggja ut ei melding på Facebook-sida. Uansett om det er tidleg eller seint på dagen – etter kort tid har gjerne fleire svara, alle klare for å hjelpe ein nabo dei kanskje ikkje har sett fjeset på.

Så er det dei meldingane som me legg ut når me er sinte. Kvifor lét han i overetasjen bikkja bjeffe til langt på natt? Det er irriterande når ho to etasjar bort går amok med drillen når det er seint på kveld. For ikkje å snakka om dei i etasjen under – no må dei skru av musikken og pella seg ut, det er seint, og me er mange som prøver å sova!

Då er det fint å setta seg ned med pc-en eller flippa opp smart-telefonen og hamra laus sinnet. Ingenting slår oppsamla sinne, gjerne med ei vedlagd lenke til burettslaget ordensreglement og nokre ekstra utropsteikn. Det er lettare å konfrontera folk når me sjølv sit trygt plassert bak skjerm og tastatur. Det er tyngre å ta turen

ut i gangen for å snakka med dei som gjer deg sint.

Problemet er at det sinnet me spyr ut på dei såkalla sosiale media, er svært smittsamt. I 2014 sette forskarar ved Beihanguniversitetet seg føre å sjå på kjenslene som vart formidla via Weibo, Kinas svar på Twitter med rundt 500 millionar brukarar. Dei fann ein langt høgare korrelasjon i delinga av sinte tweets mellom brukarane enn når det gjaldt meir positive eller nøytrale tweets. Det indikerer at sinne kan spreia seg både raskare og nå fleire i nettverket.

Det er ikkje berre deilig å ha nokon å hata, det er også deilig å

«Det er dei artiklane som gjer folk sinte, som blir delt mest»

spreia hatet: Ei fersk studie frå Westerdals Oslo ATC viser at det er dei nyheitsartiklane som gjer folk sinte, som blir mest delt. Medievtar Anders Olof Larsson studerte meir enn 7,7 millionar reaksjonar som brukarane gav nyheitsartiklar posta på Facebook frå januar til mai i år. Det er artiklane som får folk til å trykka på Facebook sin nye «sinnafjes»-knapp som blir delt mest. Larsson konkluderer med at me tilsynelatande er mindre innstilt på å dela saker som gjer oss glade.

Det kan forklare kvifor Facebook-feeden min for tida fløymer over av sinnafjes og faktatynne artiklar om skular som nektar elevane å synge

jolesongar. I møte med ny teknologi som rettar seg mot oss som emosjonelle individ, let me reptilhjerna få fritt spelrom. Me tyr til det raske tanke-systemet som Daniel Kahneman har popularisert i boka «Tenke, fort og langsomt». Her er det dei kjappe og intuitive reaksjonane som gjeld. Kva, nektar ein skule elevane å synge «Deilig er jorden»? Mislik og del! Det raske tanke-systemet, understrekar Kahneman, har sine fordelar, og gjer at me kan reagere raskt på farar som oppstår. Det kan passe fint i møtet med eit farleg dyr, men kan hemma oss når me skal ta vår plass i eit samfunn som kan verka stort og ukjend om me ikkje vågar oss ut døra.

Eg håpar me kjem til å sjå tilbake på denne tida og sukka overberande over oss sjølve; me var jo berre teknologiske

analfabetar. Kanskje kan me henta inspirasjon frå ei tid der me tvinga oss sjølve ut døra for å møta folk me kanskje mislikte. I bygda mi møttest folk kvar søndag ute på tunet så lenge det var leveleg vør til det. Der møttest naboane som gjerne hadde nokre krangler om beite på utmark gåande. Som var ueinige om plasseringa av ein og annan grensestein.

Dei møttest for ein drøs, ofte unngjekk dei vanskelege tema, det er jo som regel enklare å diskutera politikk og vøret. Men dei møttest, fjes til fjes, dei som hadde tusen små ting som dei mislikte ved kvarandre.

Maria Lavik
 marial@klassekampen.no

NOBELKOMITEEN

AV ANDREAS IVERSEN OG ANDERS BORTNE

